



Høgskolen i Telemark

Fakultet for allmennvitenskapelige fag

EKSAMEN

6011

Samfunnsvitenskapelig metode

13.12.2012

Tid:	4 timer
Målform:	Bokmål/nynorsk
Sidetal:	3 (inkludert denne)
Hjelpemiddel:	Ingen
Merknader:	Oppgavene teller likt.
Vedlegg:	Ingen

Sensuren finner du på StudentWeb.



Bokmål

Oppgave 1)

Lenge var sports- og turtøyprodusenten ledende i markedet både når det gjaldt innovasjon og salg. I ti år hadde bedriften opplevd vekst og ekspansjon. Dette tok en brå slutt. Produksjonen falt. Flere ansatte stod nå i fare for å miste arbeidet. Eiere og ledelsen var usikre på hva som kunne være årsakene til nedgangen. De så ingen endringer i markedene, teknologi og arbeidsmetodikk som kunne forklare bedriftens negative utvikling. Ledelsen holdt flere møter med de ansatte for å bringe klarhet i situasjonen. Møtene konkluderte bl.a. med at problemene skyldtes interne forhold i bedriften, og det ble antydnet at det hadde utviklet seg en ukultur på arbeidsplassen som gikk negativt utover kommunikasjon, samarbeid og personalets motivasjon. Ledelsen hadde verken kompetanse eller kapasitet til å trenge inn i problemkomplekset, og de innhentet derfor konsulenthjelp, som fikk i oppdrag å gjennomføre en undersøkelse som kunne kaste lys over problemene som bedriften stred med.

a) Anta at du er en av de innleide konsulentene. Hvordan ville du gjennomført en undersøkelse med utgangspunkt i casens problembeskrivelse? Her bør følgende kommenteres:

- Tema
- Problemstilling (formål)
- Undersøkelsesenheter
- Variabler
- Teori (deduktiv eller induktiv framgangsmåte)
- Tid
- Datainnsamlingsteknikker
- Konklusjon/generalisering

b) Møte mellom undersøker og undersøkte kan by på mange problemer. Hvilke typiske problemer kan oppstå under datainnsamlingen, og hva kan gjøres for å dempe disse problemene?

Oppgave 2)

a) Drøft hvilke utfordringer og problemer som kan være forbundet med å utvikle generelle teorier om sosiale forhold i samfunnet.

b) Drøft hvilke etiske implikasjoner som kan være forbundet med å undersøke marginaliserte grupper i samfunnet, så som stoffmisbrukere, voldtektsdømte og seksuelle avvikere.



Nynorsk

Oppgåve 1)

Lenge var sports- og turtøyprodusenten leiande i marknaden både når det galdt innovasjon og sal. I ti år hadde bedrifta opplevd vekst og ekspansjon. Dette tok ein brå slutt. Produksjonen fall. Fleire tilsette stod no i fare for å misse arbeidet. Eigarar og leiinga var usikre på kva som kunne vere årsakene til nedgangen. Dei såg ingen endringar i marknaden, teknologi og arbeidsmetodikk som kunne forklare den negative utviklinga til bedrifta. Leiinga heldt fleire møte med dei tilsette for å bringe klarleik i situasjonen. Møta konkluderte m.a. med at problema skuldast interne forhold i bedrifta, og det ble vagt sagt at det hadde utvikla seg ein ukultur på arbeidsplassen som gjekk negativt utover kommunikasjon, samarbeid og motivasjonen til personalet. Leiinga hadde korkje kompetanse eller kapasitet til å trengje inn i problemkomplekset, og dei henta difor inn konsulenthjelp som fekk i oppdrag å gjennomføre ei undersøking som kunne kaste lys over problema som bedrifta sleit med.

a) Tenk deg at du er ein av konsulentane. Korleis ville du gjennomført ei undersøking med utgangspunkt i problemskildringa i casen? Her bør følgjande kommenterast:

- Emne
- Problemstilling (formål)
- Undersøkingseiningar
- Variablar
- Teori (deduktiv eller induktiv framgangsmåte)
- Tid
- Datainnsamlingsteknikkar
- Konklusjon/generalisering

b) Møte mellom undersøkar og undersøkte kan ha mange problem i seg. Kva for typiske problem kan oppstå under datainnsamlinga, og kva kan gjerast for å dempe desse problema?

Oppgåve 2)

a) Drøft kva for utfordringar og problem som kan gjere seg gjeldande når ein skal utvikle generelle teoriar om sosiale forhold i samfunnet.

b) Drøft kva for etiske implikasjonar som kan gjere seg gjeldande når ein undersøker marginaliserte grupper i samfunnet, så som stoffmisbrukarar, voldtektsdømte og seksuelle avvikarar.